



Mona Vetrhus frå Uskedalen er vald inn i styret i Kringkastingsringen.

Mona Vetrhus (f. 1975) frå Uskedalen er vald inn som varamedlem til styret i Kringkastingsringen, ein organisasjon som vart skipa i 1955 for å fremja nynorsk i radio og fjernsyn. Magne Rommetveit frå Stord, med slekt på Kjærland i Uskedalen, var drivkrafta og dagleg leiar dei fyrste åra. Han vart seinare professor i nordisk målvitenskap og ordbokredaktør.

Kringkastingsringen har sidan starten vore ein pådrivar for at mediaverksemdene skal føre ein politikk som avspeglar språkmangfaldet i landet. I NRK gjeld dette særleg bruk av nynorsk og dialektar i alle typar program, ikkje minst i barne- og ungdomsprogramma.

Kringkastingsringen har kvart år sidan 1978 delt ut Kringkastingsprisen. Mange kjende NRK røyster har motteke denne prisen: Hartvig Kiran, Olga Meyer, Herbjørn Sørebo, Gunvor Hals, Nils Gunnar Lie, Per Riste, Ingvild Bryn og Arne Hjeltnes, berre for å nemna nokre.

Mona Vetrhus bur i Oslo. Ho debuterte med diktsamlinga Nokre gitar kjem ikkje heim i kveld i 2012. Mona har vore programleiar for Diktafon i P2. No jobbar ho med litteraturformidling.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Pressefoto